



MØTEPROTOKOLL

Utval: Levekårutvalet
Møtestad: *formannskapsromet Hareid rådhus*
Dato: *12.06.2012*
Møtet tok til *14:00*
Møtet slutta *16:10*

Levekårutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 06.06.12. og fram til møtedagen.

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Ottar Røyset	Leiar	H
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Ingunn Petrin Pettersen	Nestleiar	FL
Lars E. Bjåstad Hovlid	Medlem	V

FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Bjørn Overå	MEDL	FL
Therese Leine	MEDL	H
Øyvind Grimstad	MEDL	FRP

VARAMEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Møtte for	Representerar
Hilde B. Jørandli Soleng	Therese Leine	H
Ivar Karl Liaset	Bjørn Overå	FL

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Bent Arild Grytten	rådmann
Gry Nordal	kommunalsjef oppvekst
Ingunn Riise	leiar NAV
Elly Kirkeslett	kommunalsjef velferd
Reidun Auflem Vik	møtesekretær
Kai Rune Bjørke	møtesekretær (sak PS 58/12, 59/12 og 60/12)

6 voterande.

Utvalsleiar Ottar Røyset leia møtet.

Møtet sett kl 14.00.

Val av underskriving av protokoll: Marit Øien Sæverud og Lars Erling Bjåstad Hovlid.

Levekårutvalet handsama:

Saker lagt fram i møtet:

Referatsak dat. 23.5.12 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Vedtak om kommunen sin praktisering av gratisprinsippet i skulen – pålegg om endring.

Søknad om skjenkeløyve datert 10.6.12 frå Ishavsmuseet Aarvak.

RS 20/12

RS 21/12 – utdelt i møtet

PS 45/12

PS 46/12

PS 47/12

PS 48/12

PS 49/12

PS 50/12

PS 51/12

PS 52/12

PS 53/12

PS 54/12

PS 55/12

PS 56/12

PS 57/12

pause kl. 15.30 – utvalet les søknadspapir frå Ishavsmuseet Aarvak.

Kai Rune Bjørke går inn i møtet som sekretær, Reidun A. Vik går frå møtet.

Møtet sett kl. 15.40

PS 60/12 - utdelt i møtet

PS 58/12

PS 59/12

Møtet slutt 16:10

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 45/12	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 46/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
	Referatsaker	
RS 20/12	Årsmøteprotokoll Destinasjon Ålesund Sunnmøre (DÅS)	2012/748
	Politiske saker	
PS 47/12	Årsmelding 2011 for Hareid kommune	2012/1016
PS 48/12	Samhandlingsavtalar mellom helseføretak og kommunar - attståande delavtalar	2012/5
PS 49/12	Rusmiddelpolitisk handlingsplan -løyvedelen 2012-2016	2012/681
PS 50/12	Søknad om sal av alkoholhaldig drikk -gruppe 1 -Prix Hareid	2012/343

PS 51/12	Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk -gruppe 1 -Bunnpris	2012/343
PS 52/12	Søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk - gruppe 1 -Eurospar	2012/343
PS 53/12	Søknad om skjenkeløyve -Hareid hotell	2012/852
PS 54/12	Søknad om skjenkeløyve -Erivan	2012/531
PS 55/12	Søknad om skjenkeløyve -Hovden klubbhus as	2012/667
PS 56/12	Søknad om skjenkeløyve - Hareid pizzarestaurant	2012/827
PS 57/12	Søknad om skjenkeløyve -Kinarestauranten	2012/539
PS 58/12	Delegasjonsreglement frå kommunestyret til politiske organ og rådmannen	2012/1036
PS 59/12	Skulebruksplan - omfang og organisering av arbeidet	2012/1067

Hareid, 6.6.2012

Ottar Røyset
utvalsleiar

Reidun Auflem Vik
utvalsekretær

POLITISKE SAKER

PS 45/12 Godkjenning av protokoll førre møte

Levekårutvalet si handsaming:

Protokoll frå møte 22.5.2012 vart godkjent, men Utvalet stilte spørsmål ved utsett sak frå førre møte: PS 38/12 – Årsmelding 2011 frå Levekårsforum. Utvalet ynskjer å få saka på sakskartet 4.9.2012.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokoll frå møte 22.5.12 vart godkjent med merknad vedk. utsett sak.

PS 46/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Levekårutvalet si handsaming:

Levekårutvalet har ingen merknad til innkalling og sakliste.

Referatsak, skriv frå Fylkesmannen vedk. praktisering av gratisprinsippet i skulen vart lagt frå i møtet.

Når det gjeld Skjenkesaka som vart lagt på bordet:

Ingunn Pettersen, Folkelista, meiner ho er ugild i saka og går frå møtet.

Levekårutvalet meiner at Pettersen iflg. §6, pkt e i Forvaltn.lova er ugild i saka.

Levekårutvalet røysta så over om utvalet skulle handsama søknaden som vart lagt fram i møtet.

5 voterande.

Røysting: 3 mot 2 stemmer.

Saka vart handsama etter dei andre skjenkesakene.

Røysting:

Samrøystes godkjenning av sakliste og innkalling.

Søknaden om skjenkeløyve Ishavsmuseet Aarvak vart godkjent for handsaming med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak:

Levekårutvalet har ingen merknad til innkalling og sakliste.

Saker lagt på bordet vert handsama i møtet.

REFERATSAKER

RS 20/12 Årsmøteprotokoll Destinasjon Ålesund Sunnmøre (DÅS)

Levekårutvalet si handsaming:

Referatsaka vart teke til vitande.

Lars Erling Bjåstad Hovlid, V, vil gjerne ha fylgjande protokolltilførsel:

Det er viktig at destinasjon Ålesund & Sunnmøre jobbar vidare med å profilere aksen Ålesund – Runde.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teke til vitande, men Levekårutvalet vil ha protokollført.
Det er viktig at destinasjon Ålesund & Sunnmøre jobbar vidare med å profilere aksen Ålesund – Runde.

RS 21/12 Vedtak om kommunen sin praktisering av gratisprinsippet i skulen - pålegg om endring

Levekårutvalet si handsaming:

Referatsaka vart utdelt i møtet.

Kommunalsjef oppvekst, Gry Nordal orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teke til vitande.

POLITISKE SAKER

PS 47/12 Årsmelding 2011 for Hareid kommune

**Levekårutvalet si handsaming:
Rådmannen orienterte.**

**Røysting:
Samrøystes.**

**Tilråding:
Kommunestyret tek årsmeldinga for 2011 for Hareid kommune til vitande.**

PS 48/12 SAMHANDLINGSAVTALAR MELLOM HELSEFORETAK OG KOMMUNER - attståande delavattalar

Levekårutvalet si handsaming:

**Røysting:
Samrøystes.**

Levekårutvalet si tilråding:

Hareid kommunestyre godkjenner delavttalane til samhandlingsavttalane med Helse Møre og Romsdal i samsvar med vedlegga til denne saka.

Hareid kommunestyre gir formannskapet fullmakt til å godkjenne seinare vedlegg til avttalane og endringar av desse som ikkje har vesentleg og prinsipiell betyding. Endringar av administrativ karakter blir delegert til rådmannen.

PS 49/12 RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN -LØYVEDELEN 2012-2016

Levekårutvalet si handsaming:

Leiar i utvalet Ottar Røyset, H, kom med fylgjande forslag til eit punkt 2 i tilrådinga:

Hareid kommunestyre søker om oppretting av Vinmonopol snarast råd. Hareid kommunestyre delegerer ansvaret til rådmann og ordførar å stå føre søknad, og ta kontakt oppimot Vinmonopolet.

Røysting:

2 røyster mot og 4 for, tilrådinga frå rådmannen med eit tillegg punkt 2.

Levekårsutvalet si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek den rusmiddelpolitiske handlingsplanen 2012-2016**
- 2. Hareid kommunestyre søker om oppretting av Vinmonopol snarast råd. Hareid kommunestyre delegerer ansvaret til rådmann og ordførar å stå føre søknad, og ta kontakt oppimot Vinmonopolet.**

PS 50/12 SØKNAD OM SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK -GRUPPE 1 -PRIX HAREID

Levekårsutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårsutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av sals tida. I følgje den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal sals tider for øl i butikk vere mellom kl.09.00 og kl.20.00 på kvardagar og mellom kl.09.00 og kl.18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagar.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårsutvalet si tilråding:

Kommunestyret gjer vedtak om å innvilge søknaden frå Prix Hareid om salsløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 i tidsromet kl. 09.00 – kl 20.00 på kvardagar og mellom kl 09.00 – kl 18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagar.

Grete Elvanes vert godkjent som styrar og Grete Bugjerde Hareide som vara for denne.

Vedtaket vert gjort i tråd med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen og på vilkår av godkjenning frå politiet.

PS 51/12 SØKNAD OM SALSLØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK -GRUPPE 1 - BUNNPRIS

Levekårutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av salstida. I følgje den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal sals tider for øl i butikk vere mellom kl.09.00 og kl.20.00 på kvardagar og mellom kl.09.00 og kl.18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagdar.

Røysting:

1 røyst mot og 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret gjer vedtak om å innvilge søknaden frå Bunnpris om salsløyve for alkoholholdig drikk, gruppe 1 i tidsrommet kl. 09.00 – kl. 20.00 på kvardagar og mellom kl. 09.00 og kl. 18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagdar.

Kristian Ekroll vert godkjend som styrar og Linda Teigene som vara for denne.

Vedtaket vert gjort i tråd med rusmiddelpolitisk handlingsplan og på vilkår av godkjenning frå politiet.

PS 52/12 SØKNAD OM LØYVE FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK -GRUPPE 1 -EUROSPAR**Levekårutvalet si handsaming:**

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av salstida.

I følgje den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal sals tider for øl i butikk vere mellom kl.09.00 og kl.20.00 på kvardagar og mellom kl.09.00 og kl.18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagdar.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret gjer vedtak om å innvilge søknaden frå Eurospar om salsløyve for alkoholholdig drikk, gruppe 1 på kvardagar og mellom kl.09.00 og kl.18.00 på laurdagar og på dagar før heilagdagdar.

Vigdis Baade vert godkjent som styrar og Wenche Edvardsen som avløysar for henne.

Vedtaket vert gjort i tråd med rusmiddelpolitisk handlingsplan og på vilkår av godkjenning av politiet.

PS 53/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE -HAREID HOTELL

Levekårutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av skjenketida.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Hareid Hotell slik det kjem fram av søknaden og i samsvar med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen;

Skjenketid frå kl 11.00 – kl 01.00 kvardagar og kl. 11.00 – kl. 02.00 i helg.

Toril Bjåstad vert godkjent som skjenkestyrar og Håkon Krøvel Pedersen vert godkjent som avløysar.

Vedtaket gjeld med atterhald av positiv tilråding frå politiet.

PS 54/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE -ERIVAN

Levekårutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av skjenketida.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Erivan AS slik det kjem fram i søknaden og i samsvar med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen.

Skjenketid frå kl 11.00 – kl 01.00 kvardagar og kl. 11.00 – kl. 02.00 i helg.

Mariwan U Abdullah vert godkjent som styrar og Awara Majid Abdulrahman vert godkjent som avløysar.

Vedtaket gjeld med atterhald av tilrådinga frå politiet.

PS 55/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE -HOVDEN KLUBBHUS AS

Levekårutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ta med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av skjenketida.

Ingunn Pettersen, Folkelista, kom med forslag til tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Hovden klubbhus AS slik det kjem fram av søknaden, med unntak av alkohol gruppe 3.

Røysting:

Levekårutvalet røysta først over tilrådinga frå rådmannen.

1 røyst mot og 5 røyster for.

Røysting over forslag frå Ingunn Pettersen, folkelista:

3 røyster mot og 3 røyster for, med leiren si dobbelstemme fall forslaget frå Ingunn Pettersen.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Hovden klubbhus AS slik det kjem fram av søknaden og i samsvar med den ruspolitiske handlingsplanen.

Skjenketid frå kl 11.00 – kl 01.00 kvardagar og kl. 11.00 – kl. 02.00 i helg.

Neil Le Clercq vert godkjent som styrar, med atterhald av greidd kunnskapsprøve, og Gunnar Aursnes vert godkjent som avløysar

Vedtaket gjeld med atterhald av uttalen frå politiet.

PS 56/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE - HAREID PIZZARESTAURANT**Levekårutvalet si handsaming:**

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ta med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av skjenketida.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Hareid Pizzarestaurant slik det kjem fram av søknaden og i tråd med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen.

Skjenketid frå kl 11.00 – kl 01.00 kvardagar og kl. 11.00 – kl. 02.00 i helg.

Balasingam Mylvakanam vert godkjent som skjenkestyrar og Yogarajah Kanthasamy vert godkjent som avløysar.

Vedtaket gjeld med atterhald av positiv tilråding frå politiet

PS 57/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE -KINARESTAURANTEN

Levekårutvalet si handsaming:

Områdeleiar NAV, Ingunn Riise orienterte i saka.

Levekårutvalet vil gjerne ha med endring i tilrådinga med omsyn til tidfesting av skjenketida.

Røysting:

1 røyst mot, 5 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Kinarestauranten slik det kjem fram av søknaden og i samsvar med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen;

Skjenketid frå kl. 11.00 – kl. 01.00 kvardagar og kl. 11.00 – kl. 02.00 i helg.

Hao Qin Peng vert godkjent som skjenkestyrar og Miao Yu Huang som avløysar.

Vedtaket gjeld med atterhald av positiv tilråding frå politiet.

PS 58/12 Delegasjonsreglement frå kommunestyret til politiske organ og rådmannen

Levekårutvalet si handsaming:

Ingunn Pettersen, Folkelista, er tilbake i møtet.

6 voterande

Røysting:

Samrøystes.

Levekårutvalet si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner forslag til "Delegasjonsreglement for Hareid kommune" av 30.5.2012 slik det går fram av vedlegg 1.**
- 2. Delegasjonsreglement i samsvar med vedlegg 2 og eventuelle seinare revisjonar av desse vert oppheva.
Dette gjeld følgjande kapittel i kvalitetssikringspermen:
Kapittel 4.1, 4.2, 4.3 og 4.4.**

PS 59/12 Skulebruksplan - omfang og organisering av arbeidet

Levekårutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Levekårutvalet si tilråding:

1. Skulebruksplan for Hareid kommune skal vere forankra i Kommunal planstrategi som skal vedtakast innan utgangen av 2012.
2. Skulebruksplan for Hareid kommune skal ferdigstillast innan utgangen av 2013, og gjelde for perioden 2014-2024. Planen skal rullerast etter oppsett plan, eller ved behov.
3. Midlar til utarbeiding av skulebruksplan vert å innarbeide i budsjett for 2013.

PS 60/12 Søknad om skjenkeløyve - Ishavsmuseet Aarvak

Levekårutvalet si handsaming:

Søknaden frå Ishavsmuseet Aarvak vart innlevert på rådhuset 11.6.2012 og lagt fram i møtet i Levekårutvalet 12.6.

Ingunn Pettersen, Folkelista, seier seg ugild i saka og går frå møtet.

5 voterande

Samrøystes ugild jf. Forv.lova §6

Leiar i Levekårutvalet Ottar Røyset, H, fremja forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Ishavsmuseet Aarvak slik det kjem fram av søknaden og i samsvar med den ruspolitiske handlingsplanen. Webjørn Landmark vert godkjend som styrar og Beate Holstad vert godkjent som avløysar.

Røysting:

2 røyster mot 3 røyster for.

Levekårutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å gje skjenkeløyve til Ishavsmuseet Aarvak slik det kjem fram av søknaden og i samsvar med den ruspolitiske handlingsplanen. Webjørn Landmark vert godkjend som styrar og Beate Holstad vert godkjent som avløysar.

Hareid, 13.6.2012

Reidun Auflem Vik
Utvalssekretær

Lars Erling Bjåstad Hovlid
medlem

Ottar Røyset
Leiar

Marit Øien Sæverud
medlem